

EØS-ORGANER

EØS-KOMITEEN

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSavgjerd (EU) 2018/719

2019/EØS/69/01

av 14. mai 2018

om endring av vedtak 2009/821/EF med omsyn til listene over grensekontrollstasjonar og veterinæreiningar i TRACES

[meld under nummeret K(2018) 2783](*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 90/425/EØF av 26. juni 1990 om veterinærkontroll ved handel med visse levende dyr og produkter innenfor Unionen med sikte på gjennomføring av det indre marked⁽¹⁾, særleg artikkel 20 nr. 1 og 3,

med tilvising til rådsdirektiv 91/496/EØF av 15. juli 1991 om fastsettelse av prinsippene for organisering av veterinærkontrollene av dyr som innføres til Fellesskapet fra tredjestater, og om endring av direktiv 89/662/EØF, 90/425/EØF og 90/675/EØF⁽²⁾, særleg artikkel 6 nr. 4 andre leddet andre punktet og artikkel 6 nr. 5,

med tilvising til rådsdirektiv 97/78/EF av 18. desember 1997 om fastsettelse av prinsippene for organisering av veterinærkontrollene av produkter som innføres til Fellesskapet fra tredjestater⁽³⁾, særleg artikkel 6 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I kommisjonsvedtak 2009/821/EF⁽⁴⁾ er det fastsett ei liste over grensekontrollstasjonar som er godkjende i samsvar med direktiv 91/496/EØF og 97/78/EF. Denne lista er ført opp i vedlegg I til det nemnde vedtaket.
- 2) På grunnlag av eit framlegg frå Danmark og ein tilfredsstillande inspeksjon utført av Kommisjonen bør grensekontrollstasjonen ved lufthamna i Aalborg i Danmark godkjennast for visse dyr i kategori O, særleg for hundar og kattar. Lista over postane for denne medlemsstaten, slik det er fastsett i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF, bør difor endrast.
- 3) På grunnlag av eit framlegg frå Spania og den vurderinga som Kommisjonen har gjort, bør den mellombels opphevinga av godkjenninga av grensekontrollstasjonen ved lufthamna i Vitoria med omsyn til visse kategoriar av produkt av animalsk opphav, fjernast. Lista over postane for denne medlemsstaten, slik det er fastsett i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF, bør difor endrast.
- 4) Nederland har meldt frå til Kommisjonen at namna på grensekontrollstasjonen og på kontrollsentra ved lufthamna i Maastricht er endra. Vedlegg I til vedtak 2009/821/EF bør difor endrast.
- 5) I vedlegg II til vedtak 2009/821/EF er det ført opp ei liste over sentrale, regionale og lokale einingar i det integrerte veterinærdatasystemet (TRACES).
- 6) På grunnlag av opplysningar frå Belgia og Austerrike bør det gjerast visse namneendringar i lista over sentrale, regionale og lokale einingar i TRACES for desse medlemsstatane. Vedlegg II til vedtak 2009/821/EF bør difor endrast.
- 7) Vedtak 2009/821/EF bør difor endrast.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for planter, dyr, næringsmiddel og fôr.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 120 av 16.5.2018, s. 15, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 222/2018 av 5. desember 2018 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), ennå ikke kunngjort.

(1) TEF L 224 av 18.8.1990, s. 29.

(2) TEF L 268 av 24.9.1991, s. 56.

(3) TEF L 24 av 30.1.1998, s. 9.

(4) Kommisjonsvedtak 2009/821/EF av 28. september 2009 om utarbeiding av ei liste over godkjende grensekontrollstasjonar, om fastsetjing av visse reglar for dei inspeksjonane som veterinærasskunnige frå Kommisjonen skal utføre, og om fastsetjing av veterinæreiningar i TRACES (TEU L 296 av 12.11.2009, s. 1).

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Vedlegg I og II til vedtak 2009/821/EF vert endra i samsvar med vedlegget til denne avgjerda.

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel 14. mai 2018.

For Kommisjonen

Vytenis ANDRIUKAITIS

Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG

I vedlegg I og II til vedtak 2009/821/EF vert det gjort følgjande endringar:

1) I vedlegg I vert det gjort følgjande endringar:

a) I den delen som gjeld Danmark, vert følgjande post for lufthamna i Aalborg sett inn etter den andre posten:

«Aalborg	DK AAL 4	A			O (14)»
----------	----------	---	--	--	---------

b) I den delen som gjeld Spania, skal posten for lufthamna i Vitoria lyde:

«Vitoria	ES VIT 4	A		HC(2), NHC-NT(2) (*), NHC-T(CH)(2) (*)	U (*), E (*), O (*)»
----------	----------	---	--	---	----------------------

c) I den delen som gjeld Nederland, skal posten for lufthamna i Maastricht lyde:

«Maastricht Aachen Airport	NL MST 4	A	MAA Live		U, E, O (14)
			MAA Products	HC(2), NHC(2)»	

2) I vedlegg II vert det gjort følgjande endringar:

a) Postane i den delen som gjeld Belgia, skal lyde:

«BE20001 REGIO VLAANDEREN

BE00103 WEST-VLAANDEREN
 BE00404 OOST-VLAANDEREN VLAAMS-BRABANT
 BE00701 ANTWERPEN
 BE01007 VLAAMS-BRABANT LIMBURG

BE20002 REGIO BRUSSEL/RÉGION BRUXELLES

BE01202 BRUSSEL/BRUXELLES

BE20003 RÉGION WALLONNE

BE01505 HAINAUT
 BE01809 BRABANT WALLON NAMUR
 BE02206 LIÈGE
 BE02508 LUXEMBOURG NAMUR»

b) I den delen som gjeld Austerrike, vert posten for den sentrale eininga «AT00000 BUNDESMINISTERIUM FÜR GESUNDHEIT» endra til «AT00000 BUNDESMINISTERIUM FÜR ARBEIT, SOZIALES, GESUNDHEIT UND KONSUMENTENSCHUTZ».